

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Transport av høy.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sogndal

Emne:

Bygdelag: Kaupanger og Amla sokn

Oppskr. av: Svein L. Vold

Gard:

(adresse): Amla i Sogn.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Per Hestehagen, Amla. 79 år. Husmann.

## SVAR

I). I Amla og Kaupanger sokn er 2 gods og 4 større gardar, dei andre bruki er husmannsplassar og leiglendingsbruk. Til godsi og dei større gardane høyrde det ikkje til utmarkslåtter, derimot høya husmennene i utmarki. Dei fleste husmenn er no slutta å slå desse tungvinnte teigane, men enno finst det ein og annan som årvisst slær i utmarki. På dei større bruki hadde ein fleire utlør på heimebøen, t.d. på godset Øvre Amble var det 3 slike løer. Då slapp ein å køyra høyet heim til gards i onni og sparde soleis mykje arbeid dette travle årsbelet. Det er fyrst i denne mannsalderen at husmennene hev slutta med å slå i utmarki, og det er berre spørsmål um nokre få år, då det vert heilt slutt på desse kantar. Mange av husmennene eigde ikkje hest, og dei måtte anten bera eller draga heim høyet sitt.

II). Til spørsmålet um korleis ein transporterte høyet fram til stakken eller utløa er å segja at ein brukte ymse måtar alt ettersom lendet var. Skulde ein transportera høy i motbakke, måtte ein bera i byrar, og var det undabakke brukte ein sloe (ein) eller rynna (ei). Børsvolk og "topp" (bendil) hev ikkje vore brukt til høybering iallefall dei siste 60 åri i Amla og Kaupanger, derimot er "bendl" (ein) brukt um bandet ein bind um

eit kornbundle. Når ein um ettersumaren drog høy på sloe i utmarki, fann ein fyrst 2 høvande (tette) greiner, helst (bjørkekodlar), batt so desse saman framme med eit vidjekast umlag ein meter frå tjukkendane åt greinene. Ein byrja alltid fyrst å leggja fengjer på framme og so attover slik at lasset vart lågast bak. På vinterføret brukte ein her på desse kantar å dra høyet heim stundom på sloe, men helst på dragekjelke (dette gjeld husmenn som ikkje eigde hest). Dei sloane ein brukte um vinteren vart surra godt til framme anten med eit tverrtre eller med greiner. På vinterføre kunde ein dra sloar større enn vanlege hestlass, men då måtte lendet vera so bratt at sloen skreid sjølv når den fyrst var rikka laus med staurar. Ein kar var då på kvar sida av sloen og styrde. Når ein skulde leggja i ei "byr", la ein fyrst 2 fengjer framme, deretter ei fengja attanfor, so ei fengja til oppå dei 2 fyrste og tilslutt ei på den attarste fengja, ialt 5 fengjer (3 framme og 2 attanfor dei fyrstnemnde), då kjem "byri" opp og framover. Ei vanleg "byr" skulde vera 2 våger (36 kg.). Toget heldt ein over skuldrane, og skulde beraren ha hjelp til å reisa seg med "byri", stod den som hjelpte attanfor byri. Men med ei rett lagd "byr" skulde beraren vera so pass til kar at han reiste seg med "byri" utan hjelp, og det gjorde han på denne måten: Ein stytte ryggen mot "byri", spente frå med føtene (sette helane i marki) - på denne måten letta han kroppen opp frå marki - sessa seg so fort nedatt og fekk soleis eit kast på "byri" slik at han reiser seg lett. Til spursmålet um korleis arbeidet var delt er å segja at når det gjaldt transport av høy var ogso borni med og drog små sloar eller bar "byrar" ettersom dei var god til, men helst rakte dei. Um vintrane var dei ikkje med på høydraging, det måtte då vera reine undantak.

Når ein skulde rulla høy nedetter bratte skrentar, brukte ein ei rynna. Fyrst la ein seige tette greiner slik at toppendane gjekk eit stykke innpå kvarandre og 2 tverrgåande tog under greinene. So la ein høy på greinene, når det var gjort, bukta ein greinene saman um høyet og gjyrte åt med dei 2 tverrgåande togi. Med endane av togi surra ein buskor som stakk utor - inntil rynna - best ein kunde. Ei rynna kunde vera på eit hestlass. Det er umlag 30 år sidan at det vart slutt på å rynna høy i Amla, men enno er rynner i bruk i Sogndalsdalen. Rodda eller rodde-sekk er ikkje brukt her dei siste 60 åri og namni er ukjende av gamle folk. Løpestreng ikkje brukt til høytransport i Amla eller Kaupanger. Trillebår eller bære ukjend til transport av høy her i bygdi, og sameleis det reidskapet som er nemnt i spyrjeskjemaet og skal vera samansett av 4 langsgåande trestavar festa saman med ein tverrgåande stav i bae endar.

3). Det var fast regel at ein kørde eller drog høyet frå utmarkløone heim på vinterføret.

4). Dei eldste høyvogner ein hev kjennskap til her i bygdi var "skaokvogner": 2 hjul bak og "skaok" framme, bolt gjennom vogni og "skaoki" so ein kunde svinga den som ein vilde. "Skaokvogni" hadde fast grind i endane og lause grindar på sidone. For 54 år sidan kom den fyrste 4-hjulvogn til bygdi, og på nokre få år hadde 4-hjulvogni utkonkurrert "skaokvogni". 4-hjulvogni hadde 2 små hjul framme og 2 større bak. Omkring samtidig med 4-hjulvogni kom høyvogner med eitt hjulpar i bruk (langkjerrer). Slike vogner med eitt hjulpar kallast den dag idag for hjulslede. På desse vognene hev ein som regel grindar framme og bak, men ikkje på sidone. Grindane kann takast av. Ein hadde ikkje skoning på sledar som ein brukte til høy-, lauv- og vedkøyning. Derimot var det

skoning på langsledar og stas-sledar (spiss-sledar). Um sumaren brukte ein sledar med "drag" av trevyrke. Det var ikkje reglar for kvar ein kunde køyra med treslede eller slede med jarnskoning under, og ikkje kjenner ein til her at det var reglar for kvar ein kunde køyra med hjulreidskap. Her nytta ein vanleg arbeidsvogn som vart påsett grindar når ein skulde køyra høy eller korn. Grindane ein hev no er større enn dei ein brukte for 50 år sidan utan so er det same skapet på dei. For å gjyrda eit lass høy anten det var på slede eller vogn brukte ein høytang (høytaong), ~~xxxxxxxxxxxxxxxx~~ Ein byrja alltid å lessa fremst anten det var på vogn eller slede og lesste slik at lasset vart "traust" både framme og attarst for skuld gjyrdingi. I eit vanleg lass rekna ein 7 byrar (35 fengjer). Det var ingen regel for det siste lasset anten det skulde vera større eller mindre enn dei fyrre. Ein måtte alltid "skrapa siste strået" d.v.s. taka alt høybosset med i siste lasset. Lasset "gjyrte" ein åt med "høytaong" og "gjyrataag" som var fastbunde i eine enden på høytangi. Hev ogso høyrte namnet "gjyring" (ein) um gjyrdatog. Her heiter det å gjyra eit lass. Ei byrataaghelda (hovolda) er mindre og linnare enn ei gjyrataaghelda. Ein kjenner ikkje til her at det skulde vera noko visst høve millom høystakken og lasset og millom sumarlass og vinterlass. Um sumaren brukte ein 1 hest framfor høysleden.

5). Her er ikkje fellesslått. Frå utmark- og stølsslåttar kørde ein høyet heim um vinteren.

6). Her i Amla og Kaupanger var det husmenn som hadde utmarkslåttar, større gardar ikkje, og dei måtte som oftast dra høyet heim på dragekjelke eller sloe. Då slåtteteigane ligg langt frå einannan, måtte kvar husmann brøyta veg til seg sjølv. Køyredagen måtte ein vera tidleg i arbeid skulde ein vinna dei 2 faste vendone for dagen.

-----